

Høyringsvar til KMD sitt utkast av 01.08.2019:

Innføring av krav til landmålerbrev mv. Forslag til endring av matrikkelforskriften

Høyringsvar frå Torbjørn Trageton

1. Revisjon eller ny forskrift

Revisjonane er svært omfattande. Derfor bør det skje i form av ny matrikkelforskrift der forskrifta er knytt opp til aktuelle §§ i lova.

Mine andre tilbakemeldingar følgjer kapittelinnndelinga i høyringsnotatet.

2. 2.3. Begrepet landmålar

På norsk er ein landmålar er ein person som utfører landmåling. Denne tittelen bør derfor ikkje nyttast for styrar av oppmålingsforretning etter matrikkellova sjølv om det inngår landmålingsarbeid i gjeremåla. Funksjonen som styrar av oppmålingsforretning bør ha eigen unik tittel. Og mitt forslag er **konduktør**.

Den som skal styre tilsvarande arbeid som ei oppmålingsforretning fekk ved lov i 1723 tittel conducteur, i dag skrivemåte **konduktør**.

Dokument ved Statsarkivet i Bergen viser at amtmannen i Hordaland har oppnemnd fagleg kvalifiserte personar (Aad Gjelle, Voss først. Seinare andre) til å stå for oppmålingsarbeid etter lova av 1723 i heile amtet. Der er òg arkivert protokollar og tilhøyrande kart frå forretningane kalla konduktørforretning med tilhøyrande koduktørprotokollar og -kart.

Frå 1900-talet finst tilsvarande dokument i arkivet til fylkesmannen, m.a. for arealerverv til Bergensbanen og Osbanen. (Også andre forretningar etter lova av 1723 finst i desse protokollane, der fylkesmannen for kvart oppdrag har utpeikt kven som skulle utføre det. (Det siste i 1943, lenge etter at lova var oppheva).

Etter at vi fekk jernbane i landet, vart tittelen konduktør brukt om vognføraren i tog. **Nå er tittelen konduktør i skjengående framkomstmiddel endra til vognførar. Derfor bør tittelen takast bruk for dei opphavlege oppgåvene.** (Klarlegge og dokumentere råderettstilstand for eigedomar).

(Vert forslaget teke til følgje, vil det sjølvsagt medføre tilhøyrande endringar i § 2 i forskrifta).

Til opplysning nemner eg at i Bergen kommune vart den delen av administrasjonen, som utførde oppmålingsforretningane i perioden 1830 til 1972 kalla konduktøravdelinga.

2.4 Nærare om landmålares oppgåver og ansvar

Ingen merknad.

2.5.1 Kven skal vere autorisasjonsmynde?

Ingen merknad.

2.5.2 Autorisasjonsmynde sine oppgåver

4. 2.6 Krava for å få landmålarbrev

Om mi tilråding av konduktør som tittel på utøvar vert vedteke, må det aktuelle løyve kallast konduktørbrev. Elles ingen merknad.

2.6 Krava for å få landmålarbrev

2.6.1 Eigna

Samd i opprekninga av eigenskapar.

2.6.2 Utdanning

Er samd i dei stilte krava til utdanning.

2.6.3 Relevant erfaring

Samd i krava.

2.6.4 Dokumentasjonskrav

Sjå tilleggskrav i 2.6.2. Elles samd i KMD si liste.

2.6.5 Autorisasjonsprøve

Autorisasjon bør gjevast for 5 år. Dei hyppige endringane som skjer, jf. kravet om å halde seg oppdatert i pkt.2.6.2 ovanfor.

2.7 Etterutdanning

I dag skjer det svært hyppige teknologiske endringar kva gjeld system og hjelpemiddel i arbeidet og juridiske endringar i regelverket for forvaltingsoppgåver. **Det må derfor settast krav om at utøvar skal halde seg oppdater med dei endringane som skjer. Dette er nødvendig for å sikre tenleg kvalitet i arbeida og i matrikkelen.**

Etter mitt syn er det ikkje nok å vise til at kravet er nedfelt i termen god landmålariskikk. Kravet er så viktig at det må kome klårt fram i forskrifta.

Søknad om landmålarbrev bør derfor innehalda ei erklæring om at søker forpliktar seg til å halde seg oppdatert.

Autorisasjonsprøvene bør kunna dokumentere at så er tilfelle.

2.8 Gebyr

Lovravet om autoriserte yrkesutøvarar er eit tiltak for å sikre måla som er nedfelt i § 1 i matrikkellova. **Dette er eit overordna ansvar. Derfor bør staten bere alle kostnadene som følgjer av tiltaket.**

(Kostnadene som Kartverket sparer ved å sleppe administrasjon av ei gebyrordning, vil delvis dekke statens kostnad).

2.9 Tilbaketrekking av landmålarbrev

Eg sluttar meg til KMD sine vilkår for tilbaketrekking av landmålarbrev.

2.10 Overgangsordning og ikraftsetting

Eg er samd i at det bør vere i ei overgangsordning for iverksetting av autorisasjonskravet. Men at den skal ta tre år, **er minst eitt år for lenge.**

Dei andre endringane i forskrifta bør settast i verk 01.09.2020. Innan den tid vil forvaltningane kunna ha oppdatert sine kvalitetssystem med nye og endra rutinar

2.11 Landålarar frå EØS-statar og Sveits

Ingen merknad.

3 Andre forslag til endringar i matrikkelforskrifta

Eg har ønskje om forskrift til §§ 5 a og 7.

§ 5 a Matrikkelstyresmaktene

I dag har vi som kjent to forvaltningseiningar for oppgåvene etter lova; kommunane og Kartverket. Lova og matrikelforskrifta har detaljerte reglar for ansvaret og gjeremåla til einingane.

For å sikre best mogeleg kvalitet av datainnhaldet i matrikkelen, bør sjølve systemet (Kartverket sitt ansvar) sikre at fangsten av dei data som skal inn i matrikkelen, kjem automatisk frå dei saksystema som fangar/produserer dei aktuelle data (kommunane, Kartverket, domstolane, Riksantikvaren mv.

Innan dette er på plass, **bør Kartverket og ikkje kommunen, oppdatere matrikkelen med aktuelle data frå domstolane og Riksantikvaren.** Det vil effektivisere oppdateringa av denne informasjonen og heve kvaliteten (ein instans og stort volum)

§ 7 Krav om klarlagt grense før tinglysing av heimelsovergang

Dette tiltaket vart lovfest i Bergen år 1700 og i andre deler av landet seinare alle stader der bygningslovene var gjeldande. Ved iverksetting av delingslova i 1980 fall diverre dette kravet vekk.

I lovproposisjonen står følgjande på s. 114:

Departementet legg til grunn at det må vere etablert eit tilbod av landmålarføretak som på tenleg vis kan dekkje behovet for slik oppmåling før føresegnene i paragrafen kan bli sette i verk.

Det kan vere aktuelt å tilpasse iverksetjinga til dei lokale forholda i kvar enkelt kommune og overføre mynda etter tredje ledd til kommunar som ønskjer dette.

Som kjent vedtok stortinget at matrikkellova skulle vere ei forvaltningslov.

Mange kommunar har i dag kapasitet til å sette i verk § 7 i lova eller kan skaffe seg det.

Kommune som måtte ønskje det, må ved forskrift til § 7 få høve til å sette i verk paragrafen.

3.1 Oppretting og endring av festegrund

Samtykker i forslaga.

3.2 Geografiske opplysningar om stadbundne rettar og servitutt mv.

Dette gjeld i hovudsak registreringsarbeid knytt til § 33 i lova men òg til §§ 10 - 16.

Då det ikkje går klårt fram av lova, bør første punkt i forskrifta lyde:

(1) Heimelshavar til ei eksisterande matrikkeleining kan krevje klårlegging av stadbundne rettar og servitutt mv. i eiga forretning.

Eg er usamd i avgrensinga i første ledd av 3.2.2.

Det hender at partane under forretningsmøtet avtalar endring i eksisterande rettar, f.eks. flytting av ein vegrett. Det må opnast høve til registrering både til endring og sletting av eksisterande tinglyste rettar, servitutt mv. (Det siste kan f.eks. vere ein brønnrett, forkjøpsrett mv. som ikkje lenger er aktuelle. Då bør det skje ei opprydding).

Vidare bør også avtalar mellom partane om stadbundne rettar servitutt mv., som ikkje er tinglyst, kunna verte registrert under forretninga. (Det vil vere Den mest rasjonelle framgangsmåten.) Det er eit overordna mål at matrikkelen skal syne dei opplysingane forvaltingsorgana har om dei ulike einingane i matrikkelen.

3.2.3 Nærare praktisering av ordninga

Datamodellen bør snarast(og ikkje seinare) utviklast til at registrerte rettar, servitutt mv. vert synlege i matrikkelkartet, jf. § 1 lova. **Dette er heilt avgjerande for bruksverdien av matrikkelen.**

Ingen andre merknader.

3.2.4 Frist for registrering og arkivering

Ingen merknad.

3.3 Dokumentkrav og landmålar si undersøkingsplikt

Samd i KMD si opplisting.

3.4. Føring av opplysingar om grenser mv.

3.4.1 Bakgrunn

Eg viser til mitt forslag om at Kartverket og ikkje kommunen bør ha ansvaret for føring av data frå domstolane og riksantikvaren. Elles ingen merknader.

3.4.2 Ny ordning ,med dokumentbasert kvalitetsheving for eksisterande grenser

Første kulepunkt bør få følgjande tillegg *og ikkje er i strid med lov og offentleg arealplan.*

(Eigar sin frie disposisjonsrett over eigen eigedom er sterkt avgrensa. Dette bør det opplysast om.)

Ingen merknader til dei andre kulepunkta.

Kontorforretning

Samd med DM.

3.4.3 Utvida høve til å rekvirere forretning

Viser til mitt forslag under pkt. 3.2 Geografiske opplysingar om rettar, servitutt mv.

Er elles samd i KMD si tilråding.

3.4.4 Bruk av hjelpeliner

Samd med KMD.

3.4.5 Fastsetting av nye grenser

Samd med KMD.

3.5 Retting mv.

Samd med KMD.

3.6 Føring av opplysninger om eier av offentlig veigrunn mv.

Samd med KMD.

3.7 Arkivering av oppmålingsprotokollen

Samd med KMD.

3.8 Kartografi

Samd med KMD.

3.9 Andre endringer, spørsmål under arbeid i andre utgreiingar

Viser til mitt forslag under pkt. 3.2 Geografiske opplysningar om rettar, servitutt mv.

At ein kommune kan delegere sine andre matrikkeloppgåver til Kartverket synes for meg ulogisk; for Kartverket har tilsynsansvaret for oppgåvene. Kven skal ha tilsynsfunksjonen ved slik delegasjon?

Når det gjeld grenser for **anleggseigedom** bør desse registrerast 3-dimensjonalt. Det vil òg vere nødvendig for registrering av tilhøyrande rettar, servitutt mv. i visse høve.

Sluttar meg elles til KMD sine tilrådingar.

4 Klage og klageorgan

Ingen merknad.

Saudalskleivane den 14.11.2019

